

Europaparlamentet vedtok havrapport med stort fleirtal

17. januar 2018

- *Europaparlamentet vedtok i går ein resolusjon om EUs havstrategi. Resolusjonen er på mange sentrale punkt i samsvar med offisiell norsk politikk*
- *Eit avsnitt som tok til orde for internasjonal regulering av leite og utvinning av olje- og gass vart røysta ut av teksten*
- *Tre andre avsnitt som m.a. tek til orde mot olje- og gassverksemd i eller ved marine verneområde, at Parisavtalen bør medføre at fossile ressursar ikkje bør utvinnast og som peiker på samanhengen mellom fossile brensel og klimaendring, vart ståande i teksten.*

Etter en kort debatt måndag kveld, vedtok Europaparlamentet i går med 558 mot 25 røyster (og 83 som avsto) ein [resolusjon om EUs havstrategi](#), jf. også [omtale i Stortingets EU/EØS-nytt 29. november i fjor](#). Dette er Europaparlamentets kommentarar til Kommisjonens havstrategi frå 2016.

I debatten seint måndag presenterte saksordførar José Ignacio Faria (EPP, Portugal) kort hovudinnhaldet i rapporten. Han la vekt på at hav er viktig for framtida, men truga og at havet er vår beste allierte i kampen mot klimaendringar. Han viste også til Our Oceans-konferansen på Malta i 2017 og behovet for globalt samarbeid og styring. Deretter var det fem medlemmer av Europaparlamentet som hadde ordet for korte innlegg. Fire av desse kom også frå sentrum høgre gruppa EPP. Den siste talaren var frå Dei grøne. Dei tok opp spørsmål knytt til kamp mot mikroplast, overfiske og samanheng med FN's berekraftsmål. Representanten frå Dei grøne tok m.a. til orde mot aktivitet på havbotnen. Også Kommissæren Karmenu Vella som har ansvar for maritime spørsmål og fiskeri i Europakommisjonen, la vekt på behovet for globalt samarbeid. Han trakk elles fram hovudpunkta i Kommisjonens og utanrikstenesta sin havstrategi frå 2016.

Til avrøystinga i går var det ikkje framlegg til endra eller ny tekst, men EPP hadde bedt om at fire av avsnitta i utkastet til rapport vart røysta over separat. Dette omfatta eit avsnitt som tok til orde for “international regulation of offshore oil and gas prospecting and extraction and all other types of exploitation of the oceans, the seabed and the beds and subsoil of territorial waters, EEZs and extensions of continental shelves”. Med handsopprekning vart det vedteke å ta dette avsnittet ut av resolusjonen. Det vart ikkje fleirtal for å fjerne tre andre avsnitt som dermed blei ståande i den endelege teksten:

- (68) Stresses that no oil or gas exploration or drilling should be permitted in or near Marine Protected Areas (MPAs) or vulnerable areas of high conservation value;
- (89) Notes that the obligations assumed under the Paris Agreement make it unreasonable and counter-productive to exploit new fossil fuel sources, especially if situated in ecologically vulnerable areas;
- (90) Stresses that all waters are vulnerable to the offshore drilling of fossil fuels; emphasises that the use of fossil fuels will further contribute to and accelerate the climate change that is

threatening our planet; is of the view that the EU must cooperate with international partners in order to achieve a just transition away from offshore drilling and thus contribute to the goal of a low-carbon economy;

Arbeidet med denne rapporten har vore fulgt tett av mange norske aktørar. Mykje av fokus har vore knytt til nettopp avsnitta som omtala olje- og gassverksemd. Fleire norske aktørar vore kritiske til ordlyden i rapporten og teke til orde for at også dei tre avsnitta ovanfor burde tas ut. Samstundes har det også frå norsk side vorte framheva at rapporten i store trekk er i samsvar med norsk politikk og norske prioriteringar. Dette gjeld ikkje minst behovet for internasjonalt samarbeid for å løyse globale miljøutfordringar som kampen mot mikroplast i havet.

Kommentar

Europaparlaments arbeid med havstrategien har på mange måtar fått meir merksemd blant norske aktørar enn blant dei fleste i Europaparlamentet. Juleferien førte til at dei involverte kom seint i gang med å vurdere eventuelle endringar. Viktigare er nok at sjølv om resolusjonen gjev politiske føringar, er den ikkje rettsleg bindande. Dermed har mange medlemmer av Europaparlamentet brukt tid og krefter på andre saker. Samstundes er det mange i Europaparlamentet som er positive til ein ordlyd som tek til orde for å avgrense olje- og gassverksemd til havs eller som i alle fall ikkje ser ordlyden i dei tre vedtekne avsnitta som spesielt kontroversiell. I tillegg har Europaparlamentet har denne veka røysta fleire viktige miljøraker og har mellom anna teke til orde for eit fornybarmål på 35 prosent. Drøftingane knytt til mål for fornybar energi og energieffektivisering har dermed fått meir merksemd enn havmeldinga.

Med helsing

Per S. Nestande
seniorrådgjevar
Stortingets Brussel-kontor
internasjonal avdeling



Telefon: +47 23 31 36 11

Mobil: +47 917 68 598

E-post: psn@stortinget.no

www.stortinget.no